



Referat frå programstyremøte for Spansk språk og latinamerikastudium

Dato: 30. september 2020

Tid: kl. 12:30-14.00

Stad: Møtet var innkalla til rom 309 HF-bygget, men vart av praktiske grunnar (busstreik m.m.) gjennomført via Zoom.

Til stades: Jon Askeland (fagkoordinator), Roxana Sobrino, Synnøve Ones Rosales, Xavier Llovet Vilà, Miguel Angel Quesada-Pacheco, Soledad Marambio, Aslak Werner Dahl (student), Solange Estrada Saballos (student) og Robert Graff Bakkevold (sekretær)

Sakliste

15/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjend

16/20 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøtet 27. mai og 16. juni (sjå Vedlegg 1)

Godkjend

17/20 Orienteringssaker

1. *Velkomen til dei nye studentrepresentantane Solange Estrada Saballos (masterprogrammet) og Aslak Werner Dahl (lektorprogrammet).*
2. *Ekstern fagfelle*

Hans Jacob Ohldieck kjem på besøk i slutten av november (UKE 48). Han skal evaluere 100-nivået på bachelorprogrammet og ønskjer difor å møte studentrepresentantar, studentar og fagfellar.

Sekretæren vil kontakte studentar som har tatt eller tar emne på 100-nivå. Studentrepresentantane melder seg til teneste. Fagkoordinator meiner ein representant frå kvar disiplin bør møte opp til samtale (Miguel/Roxana, Håkon/Synnøve og Jon).

Ekstern fagfelle har fått relevant informasjon og statistikk om emna på 100-nivå, men manglar emnerapporter frå nokon av emna som hadde undervisning i vår. Sekretæren oppmodar dei det gjeld å levere inn desse rapportane. Han vil også sende informasjon om møtedag med Ohldieck til alle interessentar.

18/20 Diskusjonssaker



1. *Opplegg/aktivitetar Open dag 2021 den 15. februar (sjå Vedlegg 2)*

Faget er meldt på og har to oppgåver: 1) «Fagleg smakebit» 2) Lage manus til ein kort filmsnutt og framføre. Synnøve O. Rosales har allereie meldt seg til teneste. Kven andre?

- 1) Kari Salkjelsvik vert nemnd. Studentrepresentantane, Solange og Aslak, melder seg. Aslak vil vere direkte med frå Granada.
- 2) Det vart oppretta ei filmgruppe: Synnøve (leiar), Roxana og Soledad. Dei har ansvar for å lage manus og spele inn kortfilmen i lag med produksjonsselskapet.

2. *Studentevalueringar (SPLA100/SPLA117/SPLA118/SPLA119): Kva vil vi spørje dei om? Korleis sikre høg deltaking?*

Soledad føreslår å spørje studentane meir om bruken av digital og hybrid undervisning (fysisk og digitalt). Styret er samstemd i dette og ønskjer å vie eit større fokus til dette i utforminga av spørjeundersøkingane.

Miguel løfta fram ei anna viktig side: kva med dei som ikkje møter opp til timane. Korleis kan vi få svar frå dei? Kvifor møtte dei ikkje opp? Var det på grunn av undervisninga eller noko anna? Styret drøfta emnet, men fann ikkje fram til konkrete tiltak.

Xavier sender styret ei spørjeundersøking til inspirasjon. Undersøkinga er bygd opp rundt eit matriseformat.

Tal frå spørjeundersøkingane i vår viser tydeleg kor vanskeleg det har vore å få dei til å delta. Soledad kjem med eit konkret tiltak: undervisar må setje av tid slik at studentane kan svare på undersøkinga i slutten av timen.

3. *Gjennomføring av undervisning og eksamen hausten 2020*

Det kom ingen kommentarar frå fagmiljøet på spørsmålet til fagkoordinator på om alt går som planlagt. Aslak kunngjorde derimot på vegne av seg og fleire andre studentar eit ønske om meir samkøying i bruken av digitale kommunikasjonskanalar. Fagmiljøet nyttar både «meldingar» og «kunngjeringar» inne i læringsplattforma *Mitt UiB*, men då på ulikt vis. Han oppfordra fagmiljøet til å lage felles retningslinjer for bruken av meldingar.

19/20

Vedtaksaker

1. *Endringar i studieplan og/eller emneomtalar*

I haust kan styret vedta å gjere endringar i studieplanane (BAHF/MAHF-SPLA) og i emne som har undervisning om hausten. Styret kan vedta endringar under dette programstyremøtet eller neste.



2. Oppretting av fjernundervisningsemne på 100-nivå

I samsvar med modell for integrert campus- og fjernstudium må styret lage emneomtalar for dei nye fjernundervisningsemna som skal gå om hausten. Då er form for vurdering eit sentralt spørsmål. Skal fjernemna ha same form for vurdering som dei på campus eller ikkje? Er det behov for andre tilpassingar?

Fagkoordinator rår alle til å diskutere dette i møte med dei andre undervisarane på sine respektive disiplinær. Styret meiner det er best om desse to vedtakssakene kjem opp igjen på saklista til neste møte i november. Dessutan er det viktig å halde kontakten med undervisarane på «nettspansk» for å kunne diskutere opprettinga og forme dei nye parallellema. I dag var ingen av dei til stades

20/20

Ymse

Solange oppmoda faglærarane om meir dynamisk bruk av digitale hjelpemiddel i undervisninga.

30.09.2020/RGB